



## Møteprotokoll for Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

**Møtedato:** 17.01.2018  
**Møtestad:** Formannskapssalen  
**Møtetid:** kl. 12.30 – kl. 15.00

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Aksel Låstad		Medlem
Atle Eide		Medlem
Knut Tormod Bruvik		Medlem
Kåre Hagebø		Leiar

Forfall meldt frå medlem	Parti	Rolle
Åse Olsnes		Nestleiar
Vidar Pedersen		Medlem

Frammøtte varamedlemmer	Parti	Erstatter medlem

---

**Følgjande frå administrasjonen møtte:** Utvalssekretæren

---

### Tema for møtet:

#### **Presentasjon om pleie- og omsorgstenestene i Osterøy kommune**

I møtet gis ei oppsummering etter gjennomgang av pleie- og omsorgstenestene i Osterøy kommune ved Ottar Vist, *OTV Rådgivning*.

#### **Referat frå presentasjonen:**

Presentasjonen vart gitt av Ottar Vist frå OTV Rådgivning. Han ga ei gjennomgang av undersøkinga av pleie- og omsorgstenestene i Osterøy kommune. Det sentrale spørsmålet for undersøkinga var om Osterøy kommune sine tenester innan pleie- og omsorg er rigga for å morgondagen sine behov og utfordringar. I Osterøy opplever både eldre og yngre brukarar at tenestene har høg kvalitet. Samstundes er ressursbruken i kommunen vesentleg høgare enn i «best-praksis kommunar», som kjenneteiknast av at dei tilbyr gode tenester til eit lågare kostnadsnivå. Dekningsgraden av

sjukeheimplasser med langtidsplassar er relativt høg i Osterøy, og over tid vert kommunen råda til å satse på fleire omsorgsbustader og eit større fokus på at ein er mestringsorientert i kontakt med brukarane. Å vere mestringsorientert inneber å verte meir sjølvhjelpen der ein kan, og å avklare forventningar til tenestene hos brukarar og pårørande. Sjukeheimen bør på sikt gå bort i frå å vere eit tiltak der ein som oftast får innvilga langtidsplass til å verte omdefinert som ein behandlingsinstitusjon, med lågare grad av langtidsvedtak, ifølgje konsulenten.

---

Det vart ikkje gjort vedtak i tilknytning til saka.

---

Lonevåg, 19.01.18

Marie Koksvik Thorsen  
utvalssekretær

---

Kåre Hagebø  
utvalsleiar